



Statens vegvesen

Notat

Til: Hordaland fylkeskommune
Fra: Statens vegvesen, vegavdeling Hordaland
Kopi til:

Saksbehandler:
<Erling Hodneland/Kirsti Arnesen>
Vår dato: 26.01.2016
Vår referanse: Sak 15/259191-3

Midlar til punktutbetring og trygge skuleveggar 2016

Bakgrunn

Vi syner til fylkestingsvedtak i samband med budsjettet 9.desember 2015:

*Midlar til punktutbetring/Trygge skuleveggar
Fylkestinget set av 31,3 millionar til punktutbetringar på fylkesvegnettet.*

Fylkesrådmannen skal til fylkestingsmøtet i mars fremje ei sak med aktuelle vegstrekningar prioritert regionvis, med muligheit for rask realisering. Trafikksikring av skuleveggar skal ha høg prioritet.

Etter bestilling frå dykk, har vi kartlagt aktuelle prosjekt i høve til intensjonane i vedtaket. Vi har nytta desse kriteria:

- Trafikktryggleik
- Trygge skuleveggar
- Punktutbetring og
- Om det er mogleg å få tiltaket bygd i 2016

Dei fleste tiltaka vi legg fram, har element av alle kriteria. Vi har lagt stor vekt på at dei skal vere mogleg å bygge i 2016.

Det inneber at tiltaka må vere enkle og ikkje kan krevje stor planinnsats. Dei må mao vere planavklarte eller kunne gjerast innanfor eksisterande veggrunn. Årsaken til at det hastar, er at midlane ikkje let seg overføre frå 2016 til 2017. Når avgjerda om prioritering av midlane kjem i marstinget, er det berre ni månader å prosjektere, lyse ut, å velgje leverandør og byggje.

Løyvinga til asfalt på fylkesvegane i 2016 er på 33 mill.kr. Med desse midlane vert det då lagt asfalt på knapt 2% av fylkesvegnettet. Det er sers mykje dårleg og sprukken asfalt. For å bøte på dette, vil vi foreslå at det vert gjort mindre dekkereparasjonar og punktutbetringar av vegnettet for minimum 4 mill.kr i tillegg til dei ordinære midlane som er avsett til dekkelegging. Fordelinga på konkrete strekningar, må då gjerast i samband med dekkeleggingsprogrammet.

Framlegg om prioriteringar, alle tal i mill. kr.

Veg	Kommune	Stad/strekning	Tiltak	Kostnad
Fv 391	Lindås	Mundal-Leknes	Fartsdempende tiltak i tråd med kommunal TS - plan	1,0
Fv 565	Radøy	Austebygd skule	Fartsdempende tilaksom er prioritert i kommunal TS plan og asfalt	1,0
Fv 565	Radøy	Storheimstøkkrysset	Siktutbetring i uoversiktig kryss	0,5
Fv.561, Hp.01, Km.7.350	Fjell	Glomsen/Spjeld-Ågotnes	Lysregulert gangfelt og vegljøs der gang og sykkelvegen skiftar side i 60 km/t sona.	1,5
Fv 423	Fedje	Storevatnet + Æskjæret	Rekkverk, ca 200 m ved låg støypekant i kurve, stup mot vatn.	0,4
Fv 570	Masfjorden	Hosteland	Rekkverk, ca 200 m og pigging. Skifte eksisterande lågt rekkverk. Skilje mellom køyreveg og gangveg/undergang.	0,5
Fv 198	Sund	Litle Sangolt	Siktrydding ved kryssingspunkt	0,3
Fv 546	Austevoll	Storebø Terminal ved nytt handlesenter.	Uryddig område der bilar og gåande deler same areal. Byte ut og lenge rekkverk ved Storebø terminal. Oppmerking av gangareal.	0,8
Fv 379	Masfjorden	Kalhovda	Jordbruksavkøyrslar	0,3
Fv 47	Sveio	Ekrene	Fortau (ca. 50 m) og ljøs. Betring av ulukkespunkt.	0,5
Fv 75	Fitjar	Kryss Vestbøstad	Tilrettelegging av kryssingspunkt i samsvar med kommunal TS plan.	0,3
Fv 545 / Fv 72	Stord	Kryss til Dåfjorden	Ljøs i kryss og langs kollektivpunkt. Uoversiktig kryss i 80 km/t sone	0,7
Fv 545 / Fv 75	Fitjar	Rydland	Ljøs i kryss og langs kollektivpunkt med mange gåande til busstoppet.	0,5
Fv 552	Os	Gangfelt på fylkesveg	Tiltak ved gangfelt med risiko for alvorleg skade. Fartsdempende tiltak, ljøs og universell utforming.	1,0
Fv 211	Fjell	Landro skole	Flytting av gangfelt, etablering av landingsareal. Gangfeltet ender no midt i eit kryss	0,4
Fv. 48	Kvinnherad	Lundsvingane	Rekkverk. Sikre gåande og syklende nær haldeplass.	0,2
Fv. 103	Eidfjord	Simadalsvegen - Eidfjord sentrum	Utbetring av gangfelt. Universell utforming og ljøs.	0,5
Fv. 381	Modalen	Modalen	Fartsdempende tiltak. Kryssingspunkt med fartshumper.	0,5
Fv. 307	Voss	Palmafoss	Utbetring av gangfelt, ljøs	0,5
Fv. 569	Vaksdal	Stamnes	Vegljøs ,haldeplass, skuleborn	0,1
F. 310	Voss	Bordal	Vegljøs ,haldeplass, skuleborn	0,1
Div f.v	Div kommunar	Div kommunar	Punktutbetring/ Mindre asfalt-tiltak mange stader	4,0
Fv, 267	Bergen	Ervik	Mur, kantstein, drenering , fortau	1,5
Fv. 582	Bergen	Laksevåg	Mur, fortau	1,5
Fv. 48	Etne	Håland – Skånevik	Fjellsikring (reins, bolting, nett)	0,5
Fv. 23	Bømlo	Hopsletta	Dårlege kantar, utrasing	0,3
Fv- 404	Lindås	Feste kai	Utviding av snuplass for buss	0,3
Div f.v	Div kommunar	Siktrydding	Skogrydding for betre sikt	1,5
			sum	21.2